



Fjord
kommune

Reglement om godtgjersle for folkevalde

Innhold

1. Generelt	3
1.1 Føremål	3
1.2 Generelt	3
1.3 Mynde	3
1.4 Utbetaling	3
2. Faste godtgjersler	4
2.1 Godtgjersle knytt til ordfører	4
2.1 Godtgjersle til varaordfører	5
3. Møtegodtgjersler	5
3.1 Gruppeinndeling kommunale utval	6
3.2 Møtegodtgjersler	6
3.3 Møtetidspunkt	6
4. Frikjøp og dekning av faktiske utgifter/tap av inntekt	6
4.1 Tapt arbeidsforteneste ved politiske møter	6
4.2 Reise, kost og overnattingsutgifter	7
4.3 PC/Nettbrett/Telefon	7
4.4 Andre utgifter	7

1. Generelt

1.1 Føremål

Reglementet har som føremål å sikre kommunen sine folkevalde kompensasjon for sin arbeidsinnsats, erstatte tap i arbeidsinntekt samt dekkje utgifter i samband med tillitsverv.

Forskrifta er fastsett i samsvar med Forvaltningslova §37 og utarbeidd utifrå Kommuneloven kapittel 8, der det heiter at følgjande skal vedtakast i forskrifts form:

- Skyss- kost- og overnattingsgodtgjersle (§8-3)
- Dekking av utgifter (§8-3)
- Tappt arbeidsinntekt (§8-3)
- Godtgjersle for politisk arbeid (§8-4)
- Ettergodtgjersle for folkevalde som har vervet som hovudbeskjeftigelse (§8-6)
- Permisjon for folkevalde som har vervet som hovudbeskjeftigelse (§8-10)

1.2 Generelt

Reglementet skal reviderast for kvar valperiode.

Reglementet gjeld for kommunestyret og representantar oppnemnd av kommunestyret eller anna lovleg kommunal organ. Reglane for godtgjersle gjeld ikkje for tilsette oppnemnd i kraft av si stilling. Godtgjersla gjeld heller ikkje i tilfelle der organet sjølv har reglar for godtgjersler, så langt disse ligg innanfor kommunelova sine reglar.

1.3 Mynde

Formannskapet har mynde til, innanfor reglementet sine satsar, å avgjere innplassering av styrer, råd og utval som ikkje er namngitt nedanfor. Tilsvarande har formannskapet mynde til, ved endring av eit organ sitt ansvars- og arbeidsomfang, å foreta tilpassing av organet si innplassering i godtgjerslegrupperinga.

I tilfelle der reglementet ikkje er uttømmende, har formannskapet fullmakt til å treffe avgjerd så langt desse ikkje er av prinsipiell karakter.

1.4 Utbetaling

Faste godtgjersle blir utbetalt den 12. i kvar månad

Møtegodtgjersle blir utbetalt to gongar i året.

For møter utan administrativ tilknytning må dei folkevalde sjølv sende inn krav om møtegodtgjersle. Kravet skal vere attestert av utvalet sin leiar. Tappt arbeidsforteneste og reise-/kostutgifter skal fremjast av den einskilde medlem/varamedlem i reiserekningssportalen (Expense), og utbetalinga blir foretatt så snart som mogleg.

Krav eldre enn seks månader blir å sjå på som forelda.

2. Faste godtgjersler

	Sats	Beløp pr. år
Ordfører	8,5 G	1.008.270
Varaordfører	5% av ordførarløn	50.414
Faste formannskapsmedlemar inkl. varaordfører	2,5% av ordførarløn	25.207
Leiar kontrollutval	1,8% av ordførarløn	18.149
Leiar ungdomsråd		2.500

Kommunestyret vedtok i møte den 11.03.21 i sak 014/21 følgjande tilleggspunkt om fråvær til Reglement om godtgjersle til folkevalde:

Ved fråvær i 1/3 eller meir av møta i arbeidsåret (1. januar – 31. desember), blir den faste godtgjersla redusert tilsvarande. Eksempel: Det 10 møter, og medlemmet deltek i 6 av disse. Godtgjersle blir då 6/10 av full godtgjersle.

Deltek eit varamedlem i 1/3 eller meir av møta i arbeidsåret, blir det gitt fast godtgjersle etter same regel som nemnt i første ledd. Dette gjeld også nestleiar som fungerer som leiar i 1/3 eller meir av møta i arbeidsåret.

Dette gjeld alle faste godtgjersle utanom ordfører som er regulert i punkt 2.1.

2.1 Godtgjersle knytt til ordfører

- Ordfører blir knytt til sjukelønsordninga, jf. kommuneloven § 8-8
- Ordfører blir knytt til kommunen sin pensjonsavtale i KLP, jf. kommuneloven § 8-7
- Ordfører blir inkludert i kommunen si gruppelivsforsikring etter Hovudtariffavtalen, jf. kommuneloven § 8-9
- Rett til permisjon etter Arbeidsmiljøloven sine bestemmingar og kommuneloven § 8-10
- Telefonordning med kommunal mobiltelefon
- Det kan innvilgast ettergodtgjersle inntil tre månadar ved valperiodens slutt, dersom ho/han ikkje har inntektsgevande arbeid å gå tilbake til, jf. kommuneloven § 8-6

Vervet som ordfører i Fjord kommune skal utgjere ei 100% stilling. Godtgjersle til ordfører blir regulert etter grunnbeløpet i folketrygda (G) og er sett til 8,5G jf. vedtak i kommunestyret 18.12.23 – k.sak 087/23.

Grunnbeløpet blir justert 01.05 kvart år, og godtgjersla skal justerast frå same dato.

Det blir ikkje utbetalt feriepengar, men ordfører har rett til å avvikle ferie tilsvarande kommunalt tilsette (5 veker).

Ordfører har ikkje rett til ordinær møtegodtgjersle for deltaking i kommunale møter. Det blir ikkje utbetalt godtgjering for andre kommunale verv.

Sjukepengar

Fjord kommune utbetalar full godtgjersle under sjukdom til ordførar dei første 16 dagane. Kommunen utbetalar mellomlegget mellom 6G (som blir refundert frå NAV) og full godtgjersle. Godtgjersle under lovbestemte permisjonar blir utbetalt i den grad kommunen får refusjon frå NAV.

Køyre- og kostgodtgjersle

Ordførar har rett til køyre- og kostgodtgjersle på lik linje med kommunalt tilsette. Det blir ikkje gitt køyregodtgjersle mm. for reise mellom heimen og arbeidsstad (kommunehuset).

2.1 Godtgjersle til varaordførar

Vervet som varaordførar i Fjord kommune skal godtgjerast med 5% av ordførar si løn regulert etter grunnbeløpet i folketrygda (G).

Grunnbeløpet blir justert 01.05 kvart år, og godtgjersle skal justerast frå same dato.

Godtgjersla dekker alle oppdrag varaordførar utfører, inkl. stedfortredar for ordførar i denne sin ferie.

Varaordførar får møtegodtgjersle for møter i kommunestyret og formannskap, samt fast godtgjersle som medlem i formannskapet.

I ordførar sitt fråvær (sjukdom eller permisjon) over lengre tid, skal varaordførar tre inn i vervet som ordførar og godtgjerast som ordførar i den stillingsdel som ho/han trer inn i vervet med. Det ligg til formannskapet å vurdere når stedfortredarfunksjonen skal iverksettast.

3. Møtegodtgjersler

Generelle regler for møtegodtgjersler

- Møtegodtgjersle blir gitt for alle formelt innkalla møter/befaringar i kommunal regi.
- Dersom fleire møter blir avvikla på same dag, blir det gitt kun ei møtegodtgjersle.
- Det blir ikkje gitt møtegodtgjersle ved deltaking på seminar eller liknande.
- Det blir ikkje gitt møtegodtgjersle for gruppeleiar møter, partipolitiske møter og liknande.

Det blir ikkje berekna feriepengar av møtegodtgjersla.

Satsane for møtegodtgjersle blir utrekna etter Grunnbeløpet i folketrygda pr. 01.05 og regulert i takt med ordførar si godtgjersle.

Grunnbeløpet i folketrygda pr. 01.05.2023 er på kr. 118.620,-.

3.1 Gruppeinndeling kommunale utval

Dei kommunale utvala blir delt inn i tre grupper:

Gruppe 1	Gruppe 2	Gruppe 3
Formannskap	Kontrollutval	Utval, råd og nemnder oppnemnd av formannskap eller kommunestyre
Kommunestyre		

3.2 Møtegodtgjersler

Utval	Sats	Leiar	Medlemmar
Gruppe 1	0,009G		1.068 /møte
Gruppe 1 varamedlem einskildsaker	0,004G		474 /møte
Gruppe 2	0,009G	1.068 pr/møte	1.068 /møte
Gruppe 3	0,013G/0,007G	1.542 pr/møte	830 /møte

Godtgjersle blir ikkje gitt til tilsette oppnemnd i kraft av si stilling.

Folkevalde som er kommunalt tilsette får møtegodtgjersle på lik linje med øvrige folkevalde. Dette gjeld ikkje når vedkomande er vald til utvalet i kraft av si stilling, jf. Reglementet punkt 1.2 Generelt.

Møtegodtgjersle skal utbetalast sjølv om vedkomande får erstatning for tapt arbeidsforteneste, eller får erstatning for utgifter til naudsynt stedfortredar.

Leiarar i utval, råd og nemnder tilhøyrande gruppe 3 som ikkje har fast godtgjersle, skal ha møtegodtgjersle etter satsen 0,013G. Leiarar med fast godtgjersle skal ha same møtegodtgjersle som ordinære medlemmar per møte.

3.3 Møtetidspunkt

Møta skal som hovudregel starte kl. 17.00.

4. Frikjøp og dekking av faktiske utgifter/tap av inntekt

4.1 Tapt arbeidsforteneste ved politiske møter

Godtgjersle for tap av inntekt blir gitt til den som har faktisk tap i arbeidsinntekta. Den folkevalde må sjølv stille krav og dokumentere tap av arbeidsinntekt. Som dokumentasjon må det vere ei stadfesting frå arbeidsgjevar på dato for fråvær, antal timar og sats. Det skal ikkje takast med feriepengar i kravet, då dette blir utbetalt av kommunen. Sjølvstendig næringsdrivande får tapt arbeidsforteneste dekkja. Det skal leggast fram skriftleg erklæring med dokumentasjon (likningsattest eller stadfesting frå rekneskapsførar). Sjølvstendig næringsdrivande kan få dekt legitimerte

utgifter/tapt arbeidstid med inntil kr 2.500,- for heildagsfråvær (7,5 timar). Ved fråvær delar av ein dag, utbetalast høvesvis tapt arbeidsforteneste.

Ulegitimert tap av arbeidsinntekt som kan sannsynleggjerast, blir erstatta med inntil kr. 1.000 for heildagsfråvær (7,5 timar). Ved fråvær delar av dagen, utbetalast høvesvis tapt arbeidsforteneste. Ulegitimert tap blir ikkje gitt automatisk, kun etter søknad.

For frivillig deltaking på kurs, befaringar, møter og liknande, blir det som hovudregel ikkje gitt møtegodtgjersle eller tapt arbeidsforteneste.

4.2 Reise, kost og overnattingsutgifter

Reiser for å utføre pålagte oppdrag skal godtgjerast etter satsane i det statlege reiseregulativet. Det blir gitt kost- og overnattingsgodtgjersle etter det statlege reiseregulativet.

Det er ein føresetnad at reise/overnatting er klarert på førehand, og utbetaling skjer etter spesifisert rekning og dokumentasjon frå den folkevalde.

Tapt arbeidsforteneste og reise-/kostutgifter skal fremjast av den einskilde medlem/varamedlem i reiserekningssportalen (Expense), og utbetalinga blir foretatt så snart som mogleg.

4.3 PC/Nettbrett/Telefon

Alle faste medlemmar i gruppe 1 og 2 får tilbod om nettbrett til bruk i valperioden. Alle som får tildelt nettbrett, pliktar å halde seg til kommunen sitt reglement for bruk av PC/nettbrett.

Ordførar får dekt utgifter til telefon etter reglement gjeldande for kommunalt tilsette.

4.4 Andre utgifter

Det er ein føresetnad at folkevalde ikkje skal ha utgifter til for å skjøtte sitt verv. Andre utgifter som blir dokumentert og sannsynleggjort kan ein søke om å få dekket. Dette gjeld ikkje utgifter som er knytt til partipolitisk arbeid.